



Hordabø Idrettslag v/Frode Myking
Radøyvegen 2975
5937 BØVÅGEN

Dato	Sakshandsamar	Vår ref.	Dykkar ref.
16.10.2019	Bente Kopperdal Hervik	19/1877 - 3	

Forskottering av spelemidlar og meirverdiavgift til lager ved Hordabøhallen

Kommunestyret i Radøy - 023/2019:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Radøy kommune forskotterer spelemidlar og mva-kompensasjon til Hordabø idrettslag, knytt til lager ved Hordabøhallen med inntil 1 173 000. Det er ein føresetnad at heile det forskotterte beløpet skal betalast attende, uansett storleik på faktisk utbetalt mva-kompensasjon og spelemidlar, seinast 31.12.2024. Kompensasjonsbeløpet Hordabø idrettslag får overført etter søknad, skal straks og uavkorta overførast Alver kommune. Alver kommune skal også kunna halda attende spelemidlar i den grad det forskotterte beløpet ikkje blir dekkja fullt ut. Det vert ikkje rekna rente av det forskotterte beløpet.

Forskotteringa vert ført i investeringsrekneskapan, og vert ført i balansen som eit finansielt anleggsmiddel. Finansiering ved bruk av disposisjonsfond.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Med helsing
Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Andre mottakarar:

Acos

Hordabø Idrettslag v/Frode Myking